

# Tilleggsskjema for unntak frå krav til prøver ved søknad om permanent opphaldsløyve

## Informasjon til deg som søker om permanent opphaldsløyve

1. Ta med deg skjemaet til fastlegen din, psykologen din, ansatte i spesialhelsetjenesten eller anna helsepersonell som vurderer helsesituasjonen din. **Det er dei som skal fylle ut dette skjemaet.**
2. Lever skjemaa og øvrig dokumentasjon når du møter opp hos politiet.
3. Hugs at du også må fylle ut hovudskjemaet for unntak frå krav til prøver, [udi.no/hovudskjema-permanent-opphald](https://udi.no/hovudskjema-permanent-opphald)

Du skal **ikkje** fylle ut dette skjemaet viss du skal søke om fritak frå plikt til opplæring eller prøver i norsk og/eller samfunnskunnskap frå kommunen

## Skal fyllast ut av fastlege, psykolog, tilsett i spesialhelsetenesta eller anna helsepersonell

Det er eit krav at den som søker om permanent opphaldsløyve har bestått prøve i samfunnskunnskap på eit språk han eller ho forstår og ei munnleg norskprøve på nivå A2.

Personen kan søkje unntak frå kravet om han eller ho av helsemessige eller andre personlege føresetnader ikkje kan nå nivå A2 eller kunne bestå eller gjennomføre prøva(ene).

UDI vil i vurderinga om personen kan få unntak mellom anna vurdere om personen har ein helsesituasjon som

- medfører at det er umogleg for personen å gjennomføre prøva(ene) sjølv med tilrettelegging, eller
- påverkar evna til å lære norsk på ein slik måte at personen ikkje kan bestå prøva i norsk munnleg på nivå A2 og/eller
- påverkar evna til å tileigne seg kunnskapar om det norske samfunnet slik at personen ikkje kan bestå prøva i samfunnskunnskap

Dokumentasjonen frå deg vil inngå som del av UDIs vurdering av om me kan gi unntak frå kravet.

Fyll ut skjemaet om du har vurdert helsesituasjonen til personen, moglegheitene personen har til å lære norsk og samfunnskunnskap, gjennomføre opplæring og ta prøver i norsk og samfunnskunnskap.

Gi det ferdig utfylte skjemaet og aktuell dokumentasjon tilbake til den som søker om permanent opphaldsløyve. Det er han eller ho som skal levere det saman med søknaden om permanent opphaldsløyve.

Du kan fylle ut skjemaet som utfyllbar PDF her:

[udi.no/tilleggsskjema-helse-opphald](https://udi.no/tilleggsskjema-helse-opphald)

## Personen vurderinga gjeld for

Skriv navmet på same måte som det står i Folkeregisteret.

**Fornamn**

**Mellomnamn**

**Etternamn**

**Fødsels- og personnummer (11 siffer)**

## Vurdering av personen sin helsesituasjon

Dette må kome fram av vurderinga:

- Generelt om helsesituasjonen for personen.
- Kor lenge helsa har vore redusert og eventuelle endringar i helsesituasjonen.
- Om det blir vurdert som sannsynleg at helsesituasjonen for personen vil endre seg slik at det vil vere mogleg å tileigne seg gode norskkunnskapar og gjennomføre prøver.
- Ei grunngitt vurdering av føresetnadene til personen for å [gjennomføre prøva\(ene\) sjølv med tilrettelegging](#), eller
- Ei grunngitt vurdering av føresetnadene til personen for å kunne bestå prøvene med tilrettelegging. Viss legen har kjennskap til utfordringar knytte til høyrsel og syn, kognitive utfordringar som konsentrasjonsvanskar, lese- og skrivevanskar og minnesvikt eller andre lære- og funksjonsvanskar, bør det også komme fram i vurderinga.

### Din vurdering av helsesituasjonen til personen

### Korleis påverkar helsesituasjonen for personen moglegheita for å lære norsk, samfunnskunnskap eller gjennomføre prøver?

## Anna dokumentasjon

Blir det lagt ved anna dokumentasjon?

Nei

Ja

## Underskrift

Stad

Dato

Underskrifta til fastlege, psykolog, ansatte i spesialisthelsetenesta eller anna helsepersonell

# Vedlegg

## Kva dei ulike nivåa betyr

### A1

Du kan forstå og bruke kjende, daglegdagse ord og uttrykk. Du kan delta i ein samtale på ein enkel måte dersom samtalepartnaren snakkar langsamt og tydeleg og hjelper deg.

### A2

Du kan delta i enkle samtalar om vanlege og praktiske aktivitetar som du kjenner. Du kan lese og forstå korte, enkle tekstar knytte til arbeidet ditt. Du kan skrive korte, enkle meldingar og fortelje om opplevingar og hendingar med enkle frasar og setningar.

### B1

Du kan forstå hovudpunkta i klar tekst og tale om kjende emne som du ofte møter i samband med arbeid, skule og fritid. Du kan klare deg i dei fleste situasjonar som kan oppstå, og kan skrive enkle tekstar om kjende emne og kort forklare og grunngi meiningar og planar.

### B2

Du kan forstå hovudinnhaldet i komplekse eller akademiske tekstar, også faglege drøftingar innanfor ditt eige fagområde og kan delta i samtalar med eit relativt spontant og flytande språk, og du kan skrive klare, detaljerte og argumenterande tekstar om eit vidt spekter av emne.

Kilde: [Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse \(HK-dir\)](#)